

SAMARBEIDSAVTALE

om

SEKRETÆRTENESTER FOR KONTROLLUTVALA

Tenesta vert utført av SEKOM-sekretariat

1

Kommunane Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn er samde om å samarbeide om eit felles interkommunalt sekretariat for kontrollutvala. SEKOM-sekretariat er etablert som eit interkommunalt samarbeid i samsvar med kommunelova § 27. Samarbeidsavtalen gjev opning for at andre kommunar og interkommunale samarbeid kan slutte seg til samarbeidet.

Samarbeidsavtalen gjeld frå 01.09.2010.

2

Avtalen kan seiast opp med 12 månaders varsel.

3

I tråd med kommunelova § 77 pkt. 10 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 8 § 20 skal kommunestyret syte for at kontrollutvalet har sekretariattjenester som til ei kvar tid dekkjer utvalet sitt behov. Styret regulerer ressursbehovet innanfor râmene som er gjevne i vedtektene.

4

Deltakarane skal betale driftstilskot av dei totale kostnadene for samarbeidet etter følgjande fordelingsnøkkel: 25% fast, 25% tidsbruk og 50% folketal.

For uføreseielege og særskilte hendingar som påviseleg krev betydeleg ekstraarbeid for sekretariatet, skal det fakturerast ein timesats fastsett av styret. Sekretariatet skal i slike situasjonar varsle kontrollutval og administrasjonssjef/rådmann i aktuell kommune. Slike kostnader vil bli trekt i frå dei totale kostnadene før fordeling etter fastsett fordelingsnøkkel.

Reisetid for sekretariatet vert ført som administrativ tid og såleis ikkje rekna som tidsbruk for den aktuelle kommune.

Reisekostnadar går inn i den totale kostnaden, nemnt i pkt.1

Driftstilskot skal betalast a-konto på forskot fire gonger i året.

5

Deltakarkommunane sine rettar og plikter kjem elles til uttrykk i vedtektene for samarbeidet.

Dato: 26.10.2010

Askvoll kommune

Bremanger kommune

Eid kommune

Fjaler kommune

Flora kommune

Førde kommune

Gaular kommune

Gloppen kommune

Gulen kommune

Hornindal kommune

Hyllestad kommune

Jølster kommune

Naustdal kommune

Solund kommune

Stryn kommune